

---

**Saksnr:** 2026/29705-1  
**Saksbehandlar** Ingunn Bårtvedt Skjerdal  
**Dato:** 11.05.2026

---

## Referat - regionalt plaforum 14.4.26 Austevoll kommune

**Sak:** Austevoll kommune - kommuneplanens arealdel (KPA) i prosess

**Dato:** 14.04.2026

**Tid:** kl. 09.30-11.30

**Møtestad:** Digitalt møte (Teams)

**Møteleiar:** Eva Katrine Ritland Taule, Vestland fylkeskommune

## Deltakarar:

## Austevoll kommune

---

Bente Kari Sletten Taranger	ordfører
Helge André Njåstad	Utvaleiar plan og byggesak
Renate Møgster Kleppsvik	varaordfører
Hogne Haugsdal	Kommunedirektør
Stina Nordbak	Fagansvarleg
Britt Lise Nymark	Kommunalsjef samfunnsutvikling
Line Marie Ørnehaug	Konsulent planarbeid
Arne Kringlen	Konsulent planarbeid

## Statlege instansar

---

Frida Halland,	Statsforvaltaren
Eirik Brynjelsen,	Statsforvaltaren
Solveig Kalvø Roald,	Statsforvaltaren
Steinar Garmann Sørli	Statsforvaltaren

## Vestland fylkeskommune

---

Eva Katrine Ritland Taule	NPI-PKA fagansvarleg kommunal plan
Cathrine Grasdahl	NPI-PKA kommunekontakt (referent)
Ingunn B. Skjerdal	NPI-PKA koordinator planforum
Elisabeth Aune	NPI-NLR akvakultur
Hans Rosfjord	INV
Gunhild Raddum	MOK
Vidar Skeie	NPI-GNI

## Observatørar

---

Åsta Årøen	Politisk observatør
Kåre Martin Kleppe	Politisk observatør
Gunvar Mikkelsen	Forum for natur- og friluftsliv

## Velkomen og presentasjon

Møteleiar ønskte velkomen til møtet. Det vart gjennomført presentasjonsrunde av deltakarane.

## Orientering frå Austevoll kommune

### *Overordna om kommunen og planarbeidet*

Ordførar orienterte om Austevoll kommune sin geografi, busetnad, demografi og næringsstruktur, med særleg vekt på fiskeri-, havbruks- og maritim næring, samt utfordringar knytt til arealpress og utviklingsbehov. Det vart også kort orientert om status for kommuneplanens samfunnsdel (KPS).

### *Arbeidet med kommuneplanens arealdel (KPA)*

Utvalseiar plan og byggesak gjorde greie for prosessen så langt. KPA var på offentleg ettersyn i 2023 og resulterte i mange innspel, inkludert fleire motsegner frå statlege og regionale instansar. Det har vore svært stort lokalt engasjement, med over 400 nye innspel frå innbyggjarar og aktørar i etterkant av høyringa.

Kommunen understreka at ein ønskjer å styre arealutviklinga gjennom eit oppdatert og tydeleg planverk, framfor å gi dispensasjonar. Målet er betre føreseie og styring i arealforvaltninga.

## Forventingar til revidert plan

Statsforvaltaren sin hovudbodskap var at arealbruken i ny plan må vere knytt til behov (som kan dokumenterast, til dømes bustadbehov, næringsbehov eller liknande) og unngå nedbygging som ikkje er behov for og nedbygging av areal som har verdi (for varetaking av naturmangfald, landbruk, klimatilpassing eller liknande). Kommunen må gjere ei vurdering av samfunnsnytte. Alternativvurderingar må vere på plass, viss de skal ta inn areal som har verdi. Statsforvaltaren rådde til at kommunen unngår areal som har verdi og avgrensar utbyggingsføremål monaleg i høve til førre høyring.

Statsforvaltaren presiserte at motsegn til førre høyring handla om totaliteten av arealformålet, og at kommunen bør gjere eigne, lokale vurderingar av kvar enkelt område. SFVL presiserte at ved førre høyring var motsegnene generelle fordi utbyggingsføremål var for omfattande, det var ikkje samssynleggjort behov. Å plukke ut enkeltområde var ikkje noko SFVL ynskte å gjere før politikarane sjølve hadde sett på omfang og innspel på nytt.

## Planvask, reguleringsplanar og motsegner

Vestland fylkeskommune etterspurde korleis kommunen ser føre seg planvask og løysing av konkrete utfordringar og motsegner.

Austevoll kommune opplyste at **159 reguleringsplanar** no er til vurdering. Planvask vil vere grundig og tredelt:

- planar som bør opphevast
- planar som kan vidareførast utan endring
- planar som krev revidering

Når det gjeld konsekvensutgreiing (KU), vil hovudlinja vere at vurderingar i KU skal leggjast til grunn for vidare planarbeid.

Kommunen vil vurdere kvar enkelt reguleringsplan opp mot mellom anna:

- manglande eller utdatert VA-rammeplan
- karbonrike areal og myrområde
- byggegrens mot sjø og strandsoneomsyn
- gyldigheit opp mot nye nasjonale og regionale føringar og oppdatert kunnskapsgrunnlag

Det vart peikt på at fleire planar er utdaterte, og at dette kan gje grunnlag for tilbakeføring av areal til LNFR-formål. Kommunen la vekt på at prosessen har teke tid, men er nødvendig for å få oversikt, kontroll og eit godt styringsgrunnlag.

### *Omsynssone H910*

Austevoll kommune opplyste at ein ønskjer å nytte H910 for reguleringsplanar som framleis skal gjelde, for å sikre kontinuitet i planverket. Statsforvaltaren etterspurde om kommunen har teke høgde for endringar knytt til bruk av omsynssone H910. Statsforvaltaren peikte på at bruk av H910 kan vere fagleg krevjande, då det er usemje om tolking og praksis, og at dette kan skape utfordringar særleg der nytt arealformål vert lagt til grunn.

## Klima, klimagassutslepp og arealbruk

Statsforvaltaren stilte spørsmål om kommunen har oversikt over karbonrike areal og om klimagassutslepp vert berekna ved arealbruksendringar, til dømes gjennom arealrekneskap eller klimagasskalkulator.

Austevoll kommune svarte at dette i liten grad er gjort systematisk til no. Kommunen peikte samstundes på at det allereie er teke ut mykje utbyggingsareal, mellom anna landbruksareal. Norconsult orienterte om at arbeidet med ny KU no er starta, og at denne vil inkludere tema som:

- klimagassutslepp
- lokal og regional utvikling
- vurdering av samfunnsnytte

Kommunen opplyste at lågutslepp er lagt til grunn som strategi, og at klimarekneskap vil bli ein del av vidare planarbeid, med fagleg støtte frå Norconsult.

Vestland fylkeskommune peikte på at når planarbeid tek lang tid, kjem det ofte nye føringar, og at fokuset på karbonrike areal og myr har blitt skjerpa dei siste åra. Arealrekneskap vert trekte fram som eit viktig verktøy som bør nyttast lokalt.

Statsforvaltaren minna om statlege planretningslinjer for klima og energi, og kommunen sitt ansvar for å legge til rette for utsleppskutt både for innbyggjarar og næringsliv. Arealbruksendringar vart peikte på som eit sentralt verkemiddel.

Statsforvaltaren tilrådde ein svært grundig planvask («95 grader»), der konsekvensane av arealbruksendringar kjem tydeleg fram, og understreka at fortetting og transformasjon bør vere hovudgrep.

### Jordvern, planreserve og LNF-spreidd

Statsforvaltaren viste til generelle innspel i førre høyringsrunde knytt til jordvern, omfattande konflikter og store arealreservar. Det vart peikt på at:

- førre plan hadde ein formidabel planreserve
- reservane for fritidsbustad var større enn for bustad
- det ligg stort potensial i planvask, både av reguleringsplanar og KPA-reserve

Særleg vart LNF-spreidd peikt på som eit område med stort potensial for reduksjon, spesielt der dette konkurrerer med allereie regulerte område

Statsforvaltaren peikte også på manglar i førre KU, mellom anna at jordbruksareal ikkje var kvantifisert. Det vart uttrykt forventning om at samla jordvernkonsekvensar kjem tydeleg fram i ny KU, og at eksisterande landbruksdrift vert teke omsyn til.

Austevoll kommune var einige i behovet for betre styrt utbygging i og rundt tettstadene, men ønskjer samstundes å vidareføre spreidd busetnad på dei ytre øyane.

Dei rår i frå at LNF-spreidd og utbyggingsføre mål grensar til kvarandre (slik som i gjeldande plan) då dette kan gjere planen vanskeleg å styre etter.

Statsforvaltaren gav også innspel om at føresegn kan styrkast ved å stille krav om at tilførselsveg til ny bustad ikkje skal gå over dyrka mark.

### Infrastruktur, transport og kollektivløysingar

Vestland fylkeskommune (INV og MOK) peikte på utfordringar knytt til kvalitet på infrastruktur i spreidd utbygde område, og det avgrensa økonomiske handlingsrommet fylkeskommunen har for oppgradering og utbygging.

Det vart vist til store forventningar til kollektivløysingar i førebels plandokument, men at passasjergrunnlag er ei sentral føresetnad for eit godt kollektivtilbod. Bestillingsskissert vart nemnt som ei mogleg løysing, der kommunen er ein viktig part.

Fylkeskommunen understreka betydninga av samordna areal- og transportplanlegging og tilrådde å prioritere utvikling i område med eksisterande infrastruktur og kollektivtilbod.

Austevoll har i dag ein høg del skuleskissert grunna store avstandar og farleg skuleveg. Dette vil kunne auke ytterlegare ved meir spreidd utbygging.

### Naturmangfald og kystlynghei

Statsforvaltaren peikte på at Austevoll har mykje verdifull natur, mellom anna kystlynghei, som er krevjande å forvalte. Det vart stilt spørsmål om korleis kommunen prioriterer og vurderer denne naturtypen i planarbeidet.

Statsforvaltaren viste til at dei har retningslinjer som kan nyttast for overordna verdivurderingar, slik at ein slepp å gjere like vurderingar i kvar einskild reguleringsplan.

Kommunen si naturmangfaldsplan vart trekt fram som eit viktig kunnskapsgrunnlag for vurdering av samanhengande naturverdiar.

Austevoll kommune viste til stort lokalt engasjement, særleg på Selbjørn, og at ny KU vil innehalde silingskriterium for naturverdiar, inkludert vurdering av samanhengande naturområde.

## Næring, kystzone og akvakultur

Vestland fylkeskommune understreka at Austevoll er ein sentral næringskommune med mange arbeidsplassar.

For temaet ny næring i gamle bygg- SFVL rår stasforvaltaren kommunen til at dette vert sett i samanheng med kringliggjande areal og behov for til dømes nye inngrep og infrastruktur.

Fylkeskommunen minna om kystzoneplanen og behovet for eit godt kunnskapsgrunnlag som sikrar god samanheng mellom arealbruk på land og i sjø.

Når det gjeld akvakultur, peikte fylkeskommunen på behovet for klare og tydelege føresegner for AK-område, og at desse ikkje bør ta inn sektoransvar som ligg utanfor akvakulturinteressene.

Tema som villaks og rømming bør handterast gjennom eigne prosessar.

Austevoll kommune opplyste at ein arbeider vidare med AK-formål, og vurderer om områda er rett plasserte i høve til bruk. KU må underbygge vala av AK-område og fiskeareal i sjø.

## Samfunnsnytte og arealstrategi

Det var dialog om kva som ligg i omgrepet samfunnsnytte, og korleis dette bør nyttast i planarbeidet.

Vestland fylkeskommune peikte på at arealstrategiar kan vere eit viktig verktøy for å kople kommuneplanens samfunnsdel og arealdel tettare saman.

Statsforvaltaren understreka at vurdering av samfunnsnytte og alternativ er sentralt i arealplanlegginga. Som døme vart fritidsbustader trekt fram som eit arealformål med avgrensa samfunnsnytte samanlikna med dyrka mark. Ringverknader vart påpeikt å vere mindre relevante i slike vurderingar, då fritidsbustader vert nytta av få.

Norconsult orienterte om at KU-metodikken vil inkludere vurdering av samfunnsnytte, knytt opp mot måloppnåing i arealstrategien.

## Vidare dialog og avslutning

Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune uttrykte ønskje om vidare dialog i planprosessen, gjerne før høyring, dersom kommunen har tid til dette.

Vestland fylkeskommune gjorde merksam på at det i det vidare vil vere fokus på vassforvaltning, og at rettleiing vil bli gitt ved behov.

Austevoll kommune peikte på at samfunnsnytte er eit viktig moment i planarbeidet, og at koplinga mellom arealdel og samfunnsdel vil bli vurdert vidare.

Kommunen informerte til slutt om at planen truleg ikkje kjem på høyring 19. juni, sjølv om framlegget er planlagt handsama i kommunestyret på denne dato.

Politisk leiing takka for eit godt og konstruktivt møte.

## Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Austevoll kommune
- 2 Planprosessen